

KYRKJEVALET 11. september

På same tid som det er val til kommunestyre og fylkesting.

VALTING

Stad: Timehallen, Trallfavegen 4

Opningstid: kl 09.00 – kl 21.00



Husk å ta med med legitimasjon når du skal stemme.

Eksempler på legitimasjon er pass, førarkort og bankkort med bilete. Minstekravet er at legitimasjonen må innehalde namn, fødselsdato og bilete.

FØREHANDSSTEMMING



Førehandsstemming digitalt

Nytt av året!

Du kan gå inn på

www.kyrkjevalet.no

frå 10. august til og med 6. september.

Frå 10. august og fram til 8. september kan du førehandsstemme ordinært på papir her:

Time kyrkjekontor, Erlandsbakken 6, Bryne:

- Måndag til fredag kl 09.00 – 14.00
- Torsdag 31. august frå kl 15.00 – 20.00

Etter gudsteneste:

- Bryne kyrkje, søndag 3. september rett etter gudstenestene kl 11.00 og kl 19.00

På institusjon:

- Bryneheimen **24. august** og Sivdamheimen **30. august** rett etter andakt/gudsteneste.

Arrangement for unge:

- UngFokus, Bryne kyrkje laurdag 26. august.

Ambulerande stemmegiving:

- Veljarar frå Bryne sokn, som fordi dei er sjuke eller uføre ikkje kan gi stemme der det elles er mogleg å førehandsstemme, kan då etter søknad til valstyret gi førehandsstemme der dei oppheld seg.

Søknad kan sendast til elo@timekyrkja.no innan 5. september.

- Det er ingen formelle krav til innhaldet i søknaden. Det er for eksempel ikkje noko krav om at søknaden må vere skriftleg. Det må likevel gå fram av søknaden at veljaren er sjuk eller ufør og derfor ikkje i stand til å førehandsstemme ein annan stad.